



Notat

Dato: 15.10.2015
Arkivsak: 2015/10018-4
Saksbehandlar: heihand

Til: Jan Nordø

Frå: Heidi Handeland, Øystein Skår

Kulturminnefagleg fråsegn - Omlegging av kraftleidning 300 kV Fana-Litlesotra og 132 kV Breivik-Litlesotra. Høyring av konsesjonssøknad.

Automatisk freda kulturminne

Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre arkiv om automatisk freda eller andre kulturminne med høg verneverdi som kjem direkte i konflikt med omsøkt trasè for omlegging av kraftleidning. I Fjell kommune ved Arefjordpollen er det kjent 5 automatisk freda kulturminne nær ny kabeltrasè. 4 lokalitetar ligg vest for pollen, desse er søkt dispensasjon for frå kulturminnelova i samband med områdeplan for Sotrasambandet. Dispensasjon frå kulturminnelova blir handsama av Riksantikvaren, fråsegn i saka føreligg ikkje på noverande tidspunkt. Vi gjer merksam på at automatisk freda kulturminne er freda etter § 4 i kulturminnelova inntil vilkår for dispensasjon er oppfylt, og Riksantikvaren skriftleg har informert tiltakshavar om at tiltak kan iverksetjast.

Dersom Riksantikvaren innvilgar dispensasjon er dette vanlegvis på vilkår av arkeologisk utgraving. Vi kan ikkje sjå at riving av kraftleidning direkte vil rāke dei automatisk freda kulturminna aust for Arefjordpollen, men to av lokalitetane ligg nær kraftleidningen og eitt mastepunkt (Askeladden-id 174995, 174997). Dersom tiltak etter konsesjonssøknad utførast før vilkår for dispensasjon er oppfylt, det vil seie eventuelle utgravingar er gjennomført og lokalitetane er formelt frigjevne av Riksantikvaren, må tiltaket gjennomførast på ein måte som ikkje har innverknad på kulturminna jf. kulturminnelova §§ 3 og 8. Det vil seie at det ikkje kan gjennomførast terrengeinngrep, køyrast, oppbevarast utstyr eller liknande, korkje permanent eller mellombels, på dei automatisk freda kulturminna, eller i sikringssona.

Nord for planlagt portal på austsida av Arefjordpollen ligg eitt automatisk freda kulturminne med Askeladden-id 174999. Lokaliteten rākast ikkje av Sotrasambandet og bevarast. Ny portal ligg om lag 20 m sør for kulturminnet (målt på oversiktskart). Tiltak i dette området må utførast med varsemd og ta omsyn til kulturminnet. Hordaland fylkeskommune vil merke lokaliteten i terrenget før oppstart av anleggsarbeid i dette området.

Vi ber tiltakshavar gi melding til Hordaland fylkeskommune seinast to veker før gjennomføring av tiltak ved Arefjordpollen, slik at naudsynt merking av automatisk freda kulturminne i terrenget kan utførast.

Då søkeren omfattar tiltak i sjø har vi lagt saka fram for Bergens Sjøfartsmuseum. Sjøfartsmuseet har ikkje vesentlege merknader til omsøkt trasè.

Vi minner forøvrig om at tiltakshavar har plikt til å vise varsemd, og å straks melde i frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med gjennomføring av tiltak skulle støyte på funn av automatisk freda kulturminne, jf. § 8,2. ledd i kulturminnelova. Slike funn kan til dømes vere gjenstandar og reiskapar av metall, flint eller annan bergart, eller trekolkonsentrasjonar, steinkonstruksjonar m.m. Vi minner for ordens skuld om at meldeplikt etter kulturminnelova gjeld både land- og sjøareal.

Nyare tids kulturminne

Riggområdet i Knarrevika

Knarrevika industristad er eit kulturmiljø med høg kulturminneverdi. Knarrevika har vore ein gammal ankringsplass og vart husmannsplass på 1700-talet. På byrjinga av 1900-talet starta ein opp med industri (Mølleidrift, fosfatfabrikk og sildeoljefabrikk) noko som førte til bygging av produksjonsbygningars, arbeidarbustader og administrasjonsbygg. Knarrevik vart slik det første døme på urban bustadbygging i Fjell kommune.

Området er eit prioritert kulturminne i kommuneplanen, merka med Knarrevika H570_2 omsynssone kulturmiljø i arealplankartet med retningsliner. Kommunen har utarbeida eige vedlegg til kommuneplanen med vurdering av kvifor Knarrevik er eit viktig kulturmiljø å ta vare på. Tiltaket er ikkje i direkte konflikt med kulturmiljøet i Knarrevika. Vi ber derimot om at det vert tatt omsyn til kulturmiljøet i Knarrevika i anleggsfasen.

Vedtakspunkt frå kultur:

- I Arefjordpollen er det kjent 5 automatisk freda kulturminne nær omsøkt kabeltrasè. Det må takast omsyn til dei automatisk freda kulturminna ved gjennomføring av tiltak jf kml §§ 3 og 8. Vi ber tiltakshavar gi melding til Hordaland fylkeskommune ved Kultur- og idrettsavdelinga seinast 2 veker før oppstart av anleggarbeid ved Arefjordpollen slik at kulturminna kan merkast i terrenget.